



## Stillingsomtale – Kommunalsjef

<b>Generelle opplysningar om stillinga</b>	Nivå 2  Leiar: Organisasjon og innovasjon  Stillingstittel: Kommunalsjef  Rapporterer til kommunedirektøren
<b>Omtale av stillinga</b>	<p>Kommunalsjefen inngår i kommunedirektørens strategiske leiargruppe, og er ansvarleg for å drifte og utvikle kommunens stabsfunksjon innanfor organisasjon og innovasjon. Kommunalsjefen er sikkerheitsansvarleg og har ansvar for fylgjande fagområde; arkiv, tenestetorg, intern/ekstern kommunikasjon, HR, HMS, politisk administrasjon, digitalisering, prosessrettleiing og informasjonstryggleik. Kommunalsjefen skal også bidra til tverrsektoriell samhandling på tvers av kommunalområda.</p> <p>Vinje kommune ynskjer meistringsorienterte leiarar som legg vekt på indre motivasjon, læring og utvikling ut frå medarbeidarane sine individuelle føresetnader. Hjø oss ynskjer me at kommunens leing skal legge til rette for digitalisering og smart teknologi, ein organisasjons- og arbeidskultur som fremmer gode arbeidsprosessar, godt medarbeidarskap og læring, utvikling og innovasjon.</p>
<b>Ansvarsområde og oppgåver</b>	Kommunalsjefen skal: <ul style="list-style-type: none"><li>○ Sørge for at kommunedirektøren blir halden orientert om vesentlege avgjerder innan ansvarsområdet, og andre tilhøve som vil kunne vere av tyding for den samla verksemdsstyringa av kommunen</li><li>○ Forvalte økonomisk ramme og handlingsprogram i tråd med vedtekne politiske føringar</li><li>○ Legge til rette for, og koordinere strategisk utvikling i ansvarsområdet i nært samarbeid med andre relevante bidragsytarar</li><li>○ Ha oversikt over, og sikre at ansvarsområdet er representert og koordinert i prioriterte strategiske regionale og nasjonale nettverk (utdanning, FoU, kommunar mm)</li></ul>



	<ul style="list-style-type: none"><li>○ Sikre god ombordstiging (onboarding) og kontinuerleg opplæring av alle direkte underlagte/med personal ansvar for</li><li>○ Følgje opp medarbeidarar ved sjukefråver i samsvar med interne rutiner</li><li>○ Bidra til at det blir gjennomført relevante analyser og utgreiingar med nødvendig kvalitet for prioriterte utviklingsområde</li><li>○ Ansvar for å sikre nødvendig prosjektleiing innan dei ulike fagområda</li><li>○ Bidra til at det er etablert gode prosesser for å sikre kvalitet av saker/prosjekt som fagområdet har ansvar for, og at ein held leveringsfristar</li><li>○ Sikre prinsippa for fullført sakshandsaming innan eige ansvarsområde</li><li>○ Bidra til god involvering av innbyggjarar og frivillig sektor</li></ul>
<b>Kompetansekrav, utdanning og praksis</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>○ Universitets- eller høgskuleutdanning innanfor økonomi/administrasjon, samfunnsfag og/eller juss</li><li>○ Relevant leiarerfaring frå offentleg og/eller privat verksemd</li><li>○ Fleire års relevant arbeidserfaring frå ein eller fleire av fagområda</li></ul>
<b>Andre ynskjelege kvalifikasjonar</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>○ Solid erfaring frå analytisk og strategisk arbeid frå kommunal, statleg eller kommersiell verksemd</li><li>○ Solid forståing for rammevilkåra som ein offentleg leiar må forhalde seg til</li><li>○ God forståing for leiarrolla i eit politisk/ administrativt system</li><li>○ Har vist evne til å etablere eksterne og interne nettverk</li><li>○ God økonomiforståing</li><li>○ Relevant erfaring frå omstillings- og utviklingsarbeid med dokumenterte resultat</li><li>○ Erfaring frå partssamarbeid og god forståing for tillitsvald-rolla i kommunal sektor</li><li>○ Relevant HMS-kompetanse</li><li>○ Kjennskap til samskapande og effektiviserande metodar er ein fordel</li><li>○ Erfaring med etisk refleksjon</li></ul>
<b>Personlege eigenskapar</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>○ Tydeleg og evner å sette retning</li><li>○ Handlekraftig, proaktiv og nytenkande</li><li>○ Evne til å skape tillit og gode relasjonar til menneska rundt deg</li></ul>



VINJE

	<ul style="list-style-type: none"><li>○ Relasjonelt mot</li><li>○ Evne til å lytte og søkje gode løysingar saman med andre</li><li>○ Fleksibel og endringsorientert</li><li>○ Gode kommunikasjons-, formidlings- og samhandlingsevner</li><li>○ Gjennomslagskraft og dokumentert gjennomføringsevne</li><li>○ Høg integritet</li></ul>
<b>Stillingsomtalen er godkjend av:</b>	Dato: